


GUDS SKAPARVERK

– vår heim

TRU, HÅP OG HANDLING

Ein bodskap om det kristne kallet i møtet med klimakrisa



Bispemøtet




DEN NORSKE KYRKJA
Bispemøtet

Postadresse: Pb. 799 Sentrum, 0106 Oslo
Besøksadresse: Rådhusgata 1-3, Oslo (Kirkens hus, 5. etg)

E-post: bispemotet@kirken.no
www.kirken.no/bm

Bispemøtet februar 2021. 1. opplag.



Innhald

| | |
|--------------------------------|-----------|
| Forord | 4 |
| Inngangsort | 5 |
| Synsvedkjenning | 7 |
| Kyrie | 9 |
| Gloria | 11 |
| Dåp | 13 |
| Forsakinga og trua | 14 |
| Forkynning | 17 |
| Forbøn | 18 |
| Takkoffer | 19 |
| Nattverd | 21 |
| Velsigning og utsending | 22 |
| Referansar | 23 |

Forord

Vi treng inspirasjon og mot for å møte klimautfordringane. Bispemøtet trur gudstenesta gir oss nettopp det. Når vi i dette dokumentet har valt å reflektere over vår tids store utfordring og krise i lys av dei ulike ledda i gudstenesta, ser vi tydeleg at klimakrisa handlar om trua på Gud og livet i Guds verd. Dessutan kan vi på ein ny måte sjå korleis livet kjem til uttrykk når vi feirar gudsteneste, og korleis Gud der møter oss midt i livet – slik det er, også i møte med denne krisa. Dette er ein ny måte å omtale klimakrisa på. Vi trur at det gjer at budskapet til oss blir klarare – og endå meir utfordrande.

Det vakre og finstemte samspelet mellom artsmangfald og livsvilkår er skapt av Gud. Gud har tiltrudd oss å forvalte skaparverket, og livet til menneska er vove inn i og er avhengig av det (1 Mos 1,28ff). No løftar vi blikket og erkjenner ansvaret vårt for jorda.

Balansen i naturen er forstyrra. Vi veit at menneska er ansvarlege for endringar i klimaet og for forureining som øydelegg liv.

Skaparverket er som ein stor vev, der alt heng saman, vove i eitt einaste stykke. Skapinga ber Guds namn, og Gud sjølv prega henne då han uttalte dei første skaparorda: «Det skal bli lys!» Og Gud såg at det skapte var godt (1 Mos 1,31).

Mennesket er ein del av denne store livsveven og lever i samspel med alt det skapte. Gud skaper mennesket av jorda og blæs livspust i nasen på det (1 Mos 2,7). Mennesket er ein del av naturen og er derfor avhengig av den nære kontakten med alt det skapte.

Kyrkja må stadig minne om at vi er kalla til å vise den same omsorga for jorda som Gud har vist oss gjennom den finstemte samanhengen i skaparverket. Kampen for klimarettferd er ein del av oppdraget Jesus Kristus kallar oss til.

I gudstenesta lovprisar og takkar vi Gud vår Skapar, Frigjerar og Livgivar. Vi søker Gud i bøn. Vi ber om tilgiving. Håpet som blir forkynt i evangeliet, gir oss mot i møte med klimakrisa og kraft til å utføre dei handlingane som krevst av oss. Det er livskraft i fellesskapet som er samla om ord og sakrament. Der blir vi kalla til oppgjer og oppbrot og til å stå saman med alle menneske som vil ta eit felles ansvar for denne eine jorda vår. Evige Gud, vi ber:

«Vis oss vegen vi skal gå, og gjev oss vilje og kraft til å gå han.»

*Bispemøtet
Februar 2021*

Inngangsort

*Når eg ser din himmel,
eit verk av dine fingrar,
månen og stjernene som du har sett der,
kva er då eit menneske
– at du hugsar på det,
eit menneskebarn
– at du tek deg av det?
(Sal 8)*

Det er her vi begynner, i møtet med Gud.

Med blikket retta opp mot nattehimmelen er det lettare å forstå kor små vi menneske er. Himmelen er dekt av lysande stjerner. Månen skin mot jorda. Nordlyset flerrar den mørke nattehimmelen, midnattssola skin døgnet rundt. Undringa og gleda over dette augeblikket blir til ord, til lovsong: «Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske – at du tek deg av det?»

Mellom linjene vibrerer dei første orda i Bibelen: «I opphavet skapte Gud». I møtet med den veldige naturen erfarer vi det store i skapingsmysteriet.

Jorda høyrer Gud til, men ho er òg heimen vår.

Jorda og naturen er ei gåve frå Gud. Jorda er vakker og rik på ressursar, men på same tid sårbar. Vi er kalla til å forvalte det vi har fått, i solidaritet med medmenneske under andre himmelstrøk og med generasjonane som kjem etter oss, og med respekt for eigenverdien til andre levande vesen. Som menneske er vi ein del av skaparverket og deler livet på jorda med alt levande.



Naturen er vakker, men òg ein skremmande omgivnad for livskampen. Både for oss menneske og alt anna liv er det ofte ein brutal kamp for å overleve.

Men overalt i skaparverket er det spor av Guds livskraft og godleik. Sjå på åkeren om hausten, frukta på trea, fisken i havet. Sjå det nyfødde barnet som fyller lungene med luft for første gong og skrik! Sjå på alt som veks og utviklar seg. Sjå sommarfuglen som eit ørlite augeblikk er nesten vektløst i handa di. Det er spor av Gud i kvardagen vår.

Gud skaper framleis og held stadig skaparverket oppe. Gud er ikkje berre opphavet til universet, men er verksam i heile skaparverket i dag òg. Ein annan av salmane i Bibelen skildrar dette med vakre ord:

«Du lèt kjelder strøyma fram i dalane så bekker renn mellom fjella. Dei gjev drikke til alle dyr på marka [...] Du lèt graset spira fram for feet og vokstrar til nytte for mennesket. Du lèt brødet koma frå jorda, vinen gjev mennesket glede.» (Sal 104,10ff).

I samisk tradisjon bruker ein det same ordet for skaping og velsigning: sivdnidit. Dette er ein religiøs praksis som vi kan finne i heile Sápmi (dei samiske områda i Russland, Finland, Sverige og Noreg). Som oftast blir praksisen utført ved at ein tenkjer eller seier nokre velsigningsord. Innimellom gjer ein òg nokre små ritual, som til dømes å korse seg. Sivdnidit er ein praksis som høyrer til kvardagen, og som understrekar den nære samanhengen mellom skaparverket og Gud sjølv, og at vi møter Gud i skaparverket. Det kan vere ein måte å be kveldsbøn på, bøn før og etter maten eller når ein skal ut på ei reise.

Som menneske er vi Guds forvaltarar her på jorda, men vi er òg medskaparar. Det inneber å verne om Guds heilage skaparverk. Vi må ta ansvar for at livet på jorda overlever. Vi må ha respekt og omtanke for vekstar og dyr. Vi skal forvalte ressursane og råvarene på jorda på ein måte som er tenleg og framtidsretta.

God forvaltning er ikkje å motarbeide fornying eller framsteg. Arbeidet vårt er ein kontinuerleg prosess som utfaldar seg i eit kreativt mangfald med forskning, utdanning og innovasjon som stadig blir fornya i møtet med nye utfordringar. Slike nyvinningar er gode moglegheiter som Gud gir til oss. Dei må stimulere, men ikkje slik at det går ut over eigenverdien, mangfaldet og berekrafta til skaparverket eller integriteten og verdigheita til menneska.

Vi er forplikta til å fordele goda i skaparverket rettferdig og med respekt for eigenverdien til naturen. Dei kommande generasjonane skal kunne leve på ei jord som gir dei nok å ete, reint vatn å drikke og høvet til å leve eit trygt og godt liv.

I møtet med alt det skapte møter vi òg Gud.

*Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever,
vi prisar deg for alt det vakre på vår jord,
og for alt som lèt oss kjenna at du er god.
Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre,
takksame hjarte og tenande hender,
så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn,
og i ord og gjerning vitna om dine storverk.
(Frå kyrkjeliturgien)*

Synsvedkjenning

Så kom Jesus til Jeriko og drog gjennom byen. Der var det ein mann som heitte Sakkeus; han var overtollar og svært rik. Han ville gjerne sjå kven Jesus var, men kunne ikkje koma til for folkemengda, for han var liten av vekst.

Difor sprang han i førevegen og klatra opp i eit morbærtre så han kunne få sjå han, for der kom han til å gå forbi. Då Jesus kom dit, såg han opp og sa til han: «Sakkeus, skund deg og kom ned! For i dag må eg ta inn i ditt hus.» Då skunda han seg ned og tok imot Jesus med glede. Men alle som såg det, murra og sa: «Han har teke inn hos ein syndig mann.»

Men Sakkeus steig fram og sa til Herren: «Herre, halvparten av alt eg eig, gjev eg til dei fattige, og har eg truga pengar frå nokon, gjev eg fire gonger så mykje tilbake.» Då sa Jesus til han: «I dag er frøse komen til dette huset. For han er òg ein Abrahams son. For Menneskesonen er komen for å leita etter dei bortkomne og berga dei. (Luk 19,1–10)

Møtet med Jesus førte til store forandringar i livet til tollaren Sakkeus. Forteljinga viser oss at vi må ta eit oppgjør med vårt eige svik og vår eiga grådighet. Ho viser at vi har sjansen til å starte på nytt i tillit til Guds tilgiving og forsoning. Det kan gi oss ein ny start og ei ny livsorientering.

*Tilgi oss, Gud,
at vi ikkje bryr oss når naturen blir øydelagd,
men vil hauste overdriven profitt utan respekt for livet.
Lær oss, ved din nåde,
å elske alle dine skapningar, våre systrer og brør,
og ta vare på livet i alt sitt mangfald.*

I ei av dei første forteljingane i Bibelen gøymer Adam og Eva seg etter at dei har brote Guds vilje. Dei vågar ikkje å stå for Gud, og Gud sjølv må kalle dei tilbake til seg.

Vi må møte Gud og andre menneske ansikt til ansikt og vedkjenne det som er imot Guds vilje. Synd er løgna om at mennesket lever for seg sjølv, og den løgna fører oss bort frå liv og fellesskap. Øydelegging av naturen, klimakrise og mistillit mellom menneske er konsekvensar av synda.

Naturen er i ferd med å gjere opprør mot menneska som har plaga, utbytt og undertrykt han så lenge. I møtet med krisa vi no står overfor, er det lett å få auge på følgjene av det vi menneske har gjort gale. Både klimaendringar og tap av biologisk mangfald er resultat av menneskeskapt utvikling og handling. Det heng saman med det høge forbruket vårt. Det gjer oss til medansvarlege for at andre lir og naturen blir øydelagt.

Vi må innsjå at fleire av dei politiske og økonomiske vala våre skader jorda og øydelegg klimaet. Vi står i ein historisk samanheng der den kristne forvaltartanken ikkje berre er blitt brukt til å legitimere god forvaltning av ressursane på jorda, men òg har ført til ei rovdrift på miljøet som ikkje er berekraftig verken på kort eller lang sikt.

Vi må vende oss til Gud som enkeltmenneske og som kyrkje, som del av ein nasjon og ei menneskeslekt, og vedkjenne feiltrinna våre og synda vår.

Set oss fri til å tena deg, verna om skaparverket og møta vår neste med kjærleik.



*Gud, du kjenner og elsker oss alle.
Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda.
Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.
Tilgjev oss og hjelp oss,
for Jesu skuld.
(Frå kyrkjeliturgien)*

Evangelia fortel at dei som møter Jesus, får ei ny byrjing. Det skjer ei endring. Jesu ord gir kraft til nytt liv. Han oppfordrar oss til ei radikal endring av levesettet: «Gå bort, og

synd ikkje meir!» Vi blir møtte av Guds nåde, som set oss fri og kallar oss til å ta nye val til beste for nesten vår og for heile skaparverket.

Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss. (Sal 103,11–12)

Kyrie

Då kom dei til Jeriko. Og då Jesus drog ut av byen saman med læresveinane sine og ei stor folkemengd, sat det ein blind tiggjar attmed vegen. Han heitte Bartimeus og var son til Timeus. Då han høyrde at det var Jesus frå Nasaret som kom, sette han i å ropa: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!» Mange tala hardt til han og bad han teia, men han ropa berre endå høgare: «Du Davids son, miskunna deg over meg!» Då stogga Jesus og sa: «Rop på han!» Dei ropa på den blinde og sa til han: «Ver ved godt mot! Reis deg opp! Han kallar på deg.» Mannen kasta av seg kappa, sprang opp og kom bort til Jesus. «Kva vil du at eg skal gjera for deg?» spurde Jesus. Den blinde svara: «Rabbuni, lat meg få att synet!» Då sa Jesus til han: «Gå du! Trua di har frelst deg.» Med det same kunne han sjå, og han følgde Jesus på vegen. (Mark 10,46–52)

Ein blind tiggjar frå Jeriko har gitt oss språk til vårt felles rop om hjelp: Kyrie eleison! Den blinde Bartimeus ropte: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!» Fleire menneske i nød ropte det same då dei møtte Jesus. Gjennom historia til den kristne kyrkja har dette ropet fått plass i mange av kyrkjeliturgiene. No tek vi del i den blinde mannen sitt rop om hjelp. No er det vi som roper: «Kyrie eleison!» Vi treng at Gud forbarmar seg over oss, som nasjon, som menneskeslekt og som skaparverk.

Klimaendringane trugar det daglege brødet til millionar av menneske. Dei påverkar plantane og dyra, nedbøren og årstidsvekslingane. Temperaturen stig, vatnet blir varmare, og isen smeltar. Vi opplever meir tørke og ekstremvær. For mange er dette alt ein reell trussel. Havet blir surt, og det oppstår nye sjukdommar. Klimapanelet til FN har vist oss at vi står overfor ei katastrofal global oppvarming. Vi må gjere noko, og det hastar. Urfolka i verda er særleg utsette, for levestettet deira er truga av forbruksutviklinga og klimaendringane som følgjer av denne.

Vi må derfor ta inn over oss at det er nødvendig med store politiske og økonomiske endringar i kampen mot klimaendringane. Dette må følgjast opp i vedtak, konkrete planar og praksis. Vi er alle ein del av den same globale verkelegheita. Utsleppa som alt har skjedd, har fått store konsekvensar for jorda, og risikoen for at verknadene blir uopprettelege, aukar jo større klimaendringane blir.

Vi veit at global oppvarming undergrev både matsikkerheit, økonomisk berekraft og sosial stabilitet. Dei eksisterande sikkerheitstruslane i mange sårbare statar og område blir forsterka. I nesten alle land aukar forskjellane, og fordelinga av ressursar og velferdsgode blir stadig meir urettferdig. Klarer vi ikkje å kutte utsleppa kraftig dei nærmaste åra, er det svært stor risiko for at klimaendringane vil få katastrofalt uopprettelege konsekvensar.

Klimaendringar er ein av dei største truslane mot naturmangfaldet i verda. Temperaturstiging og endra nedbørsmengder rammar livsvilkåra for artane på kloden og påverkar både naturmangfaldet og økosystema.

Tapet av naturmangfald skriv seg i stor grad frå menneskeleg påverknad. FN-rapporten «The Millenium Ecosystem Assessment» (MA) slår fast at menneskeskapte endringar i økosystema dei siste 50 åra har gått raskare enn i nokon annan periode i historia til menneskeslekta. I vår tid blir artar utrydda 100 til 1000 gonger raskare enn det som er tilfellet under naturlege omstende. Mellom 10 og 100 artar blir utsletta kvart døgn. Tap av naturmangfald har ein sjølvforsterkande effekt, som ein snøball som rullar. Når éin art døyr, påverkar det livsvilkåra til artane rundt han, og dermed står dei òg i fare for å dø ut. Det viser at utviklinga i dag ikkje er berekraftig. Dei forskjellige artane har ein eigenverdi, og vi har ingen rett til å utslette dei, uansett om arten verkar å vere nyttig for oss her og no, eller ikkje.

Orda i Bibelen om at «heilt til denne dag sukkar og stønnar heile skapningen saman, som i fødselsrier» (Rom 8,22), har fått ein heilt ny dimensjon. Vi lever med store utfordringar og kriser på same tid, og dei påverkar kvarandre. Klimakrise og tap av biologisk mangfald fører til større ulikskapar og meir fattigdom, som igjen blir forsterka av ein pandemi. Saman med krig og uro er dette òg blant årsakene til at det blir stadig fleire flyktningar og migrantar.

Frå ulike delar av verda veit vi at mange alt no er offer for klimakrisene. Menneska ved Stillehavet erfarer at dei må flytte fordi matjordene deira druknar i hav som stig, og sakte, men sikkert tek vatnet kvelartak på landsby etter landsby. Andre stader blir jordbruket ramma av den uføreseielege vekslinga mellom alvorleg tørke og store nedbørsmengder. I vårt eige land møter den samiske reindrifta på store utfordringar. Tap av beiteområde øydelegg det heilt spesielle livsgrunnlaget til det samiske urfolket. Det er både eit rettsproblem og ein del av klimautfordringa.

Som menneske sørgjer vi over tap av flora, fauna og mangfald som er med på å gjere livet vårt og eksistensen vår rikare. Stadig fleire kjenner på klimasorg – det vil seie at dei sørgjer over klimaendringane og tapet av biologisk mangfald. Fleire og fleire ser at noko som var friskt og livskraftig, forsvinn, og det gjer at dei blir bevisste på at kloden vår er truga. Det er ei djup og alvorleg erkjenning, men ho kan òg setje oss på sporet av kva som er viktig og nødvendig å gjere.

Klimakrisa treffer midt i sentrum av trua og livet i kyrkja. Vi står saman i eit økumenisk fellesskap med dei kristne søskena våre og i eit fellesskap av menneske frå alle kulturar

og religionar og blir minna om at «om ein lem lid, så lid alle dei andre med» (1 Kor 12,26).

Gud, himmelske Far!

Du som ber verda og held himmelen oppe.

Vi roper til deg – vi, som du skapte i ditt bilete, men som på alle måtar har trødd feil på stien din og er komne bort frå vegen din.

Vi har gått oss vill i store mørke skogar og finn ikkje vegen tilbake.

Vi roper til deg om hjelp til å ta oss opp frå mørket til det lyse høgdedraget, så vi kan sjå jorda i ditt heilage lys.



Gloria

*Du lèt kjelder strøyma fram i dalane
så bekker renn mellom fjella.*

*Dei gjev drikke til alle dyr på marka,
ville esel får sløkkja tørsten.*

*Der finn fuglane under himmelen bustad,
dei syng mellom greinene.*

*Han vatnar fjella frå sin høge sal.
Jorda blir metta med frukta av di gjerning.*

*Du lèt graset spira fram for feet
og vokstrar til nytte for mennesket.
(Sal 104,10–14)*

Kyrkja har til alle tider lova og takka Gud for skaparverket. I Salmane finn vi mange uttrykk for dette. Menneske over heile jorda uttrykkjer framleis trua si i bønner, songar og salmar. Lovsongen er svaret vårt. For ei kyrkje som takkar Gud for skaparverket, er vegen kort til å ta aktivt del i klimakampen. Ein salme som blir tilskriven den heilage Frans, har på ein spesiell måte sett ord på dette:

*Takk, gode Gud for alle ting,
Først for bror Sol, så lys og fin.
Han vekker oss hvert morgengry
Og er ditt tegn i sky.
Halleluja, Halleluja.
Takk for alle dine under.*

*Takk, gode Gud for moder Jord,
Hun gjør oss ett med alt som gror.
Hun bærer trær og blomster frem
Og smykker by og land med dem.
Halleluja, Halleluja.
Takk for alle dine under.*

*Syng, dag og natt! Syng, hav og jord!
Vi priser Gud i samstemt kor:
Du er så rik! Du ser oss nå,
Du bøyer deg mot alle små.
Halleluja, Halleluja.
Takk for alle dine under.*



Dåp

Det var ein mann som heitte Nikodemus. Han var farisear og sat i Rådet til jødane. Han kom til Jesus om natta og sa: «Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.» Jesus svara og sa til han: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike.» Nikodemus seier til han: «Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og bli fødd andre gongen?» Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.» (Joh 3,1–5)

Vatn er ein føresetnad for alt liv på jorda. Vatn er ein del av skaparverket og ein del av kvardagen vår. Vatn inngår i det vi drikk og et, og det er ein stor del av kroppen vår. Vi bruker vatnet til å vaske oss og til å beskytte oss mot sjukdom. Regnet vatnar jorda, gjer henne grøn og fruktbar. Det knyter oss til alt levande på jorda og til kretsløpet i naturen. Vi begynte livet i vatn, beskytta av fostervatnet i magen til mor. I dåpen blir vatnet brukt i ei heilag handling.

Bibelen inneheld mange forteljingar om at Gud har handla i og gjennom vatn. Vatn kan både gi og ta liv. Gud skapte verda gjennom vatn (1 Mos 1; 2 Pet 3,5). Noah og dei som var med han, blei redda frå flaumvatnet. Regnbogen blei sett som teikn på at Gud er trufast (1 Mos 7–8; 1 Pet 1,20–21). Gud redda israelsfolket gjennom Sivsjøen (2 Mos 14; 1 Kor 10,1–2). Jesus lova kvinna ved brønnen det levande vatnet (Joh 4,10–15). Elva med livsvatnet skal springe ut frå trona til Gud (Op 22,1).

Hav- og kystområda våre er rike på ressursar. Menneskeleg aktivitet og klimaendringar trugar dette mangfaldet i aukande

grad. Fiskeria og matfatet i havet er truga av at havet blir utnytta som om det var utømmeleg, og økonomisk gevinst tel meir enn berekraftig drift. Havet blir tilført store mengder avfall. Plast og anna lite nedbrytbart materiale kan bli verande i miljøet i hundrevis av år og skade både dyr og menneske. På verdsbasis hamnar truleg mellom 8 og 12 millionar tonn plast i havet kvart år.

Vatnet er livsgrunnlaget vårt og samtidig ein trussel. Vatnet i den kristne dåpen er eit teikn som rommar både liv og død. Dåpen skjermar oss ikkje frå vondskap, synd og destruktive krefter. Han gir oss eit løfte og eit håp om at livskraftene er sterkast, og at Gud tilgir oss og reinsar oss for all urett.

Gud vil ha fellesskap med oss menneske, og han vil at vi skal leve i fellesskap med kvarandre. Jesus Kristus er den som knyter saman himmel og jord, æva og kvardagen her og no. Dåpen set oss inn i eit globalt fellesskap i heile den verdsvide kyrkja, saman med mange som lir på grunn av urettferd, sjukdom og klimaendringar. Håpet om oppstoda i dåpen sprengjer grensene for dette livet og utfordrar oss til ansvar og kjærleik. Kjærleiken gir oss engasjement og omsorg for samfunnet, for medmenneska våre og for den verda vi er sette til å forvalte. Dåpen er eit kall til handling.

«Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådekjelde, der du tilgjev oss vår synd, frelser oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet. Send din Ande, så dei som blir døypte, blir reiste opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.» (Frå dåpsliturgien)

Forsakinga og trua

Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

*Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.*

*Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
før ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen,
før opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå og døma levande og døde.*

*Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.
Amen.*

(Den apostoliske truvedkjenninga)

Vi veit alle noko om kampen mellom godt og vondt. Vi blir kalla til å seie nei til det vonde og ja til det gode – å gi etter for synda og løgna som øydelegg livet og alle relasjonane vi står i til Gud, medmenneska våre, naturen og oss sjølve. Når vi feirar dåp, set vi ord på og tek avstand frå det som er vondt, og som er mot Guds vilje. Det gjer vi i fellesskap ved kvar dåp i gudstema når vi forsakar djevelen og vedkjenner oss trua. Klimautfordringane gjeld trua på Den treeinige Gud. Truvedkjenninga til den treeinige Gud forankrar livet vårt i ein altomfattande heilskap.

Trua knyter oss til skapinga av både verda og oss sjølve, men òg til dagleglivet vårt. Gud gir liv, og han elsker alle skapningar. Martin Luther formulerer det slik:

«Eg trur at Gud har skapt meg og alle andre skapningar. Han har gjeve meg kropp og sjel, vit og sansar, og held alt dette ved lag. [...] Alt dette gjer han av berre faderleg godhug og guddommeleg miskunn utan at eg har fortent det eller er verdig til det.» (Luthers forklaring til den første trusartikkelen)

Jesus, Guds son, blei ein av oss. I inkarnasjonsmysteriet tek Gud opp i seg den menneskelege naturen og identifiserer seg med alt det skapte. Gud ber det brotne og skadde gjennom såra på sin eigen kropp. I Jesu liv, død og oppstode får vi livskraft og håp til oppdraget som forvaltarar av Guds mangfaldige nåde. Guds ande gir heile skaparverket liv. Anden skaper eit mangfaldig fellesskap i kyrkja av alle folkeslag, kulturar og sosiale grupper. Det skal vere eit teikn på forsoninga til heile menneskeslekta og verda.

I alle teikna vi kan spore på kjærleik, fellesskap og rettferd, ser vi at Den treeinige Gud framleis skaper og held oppe livet i kyrkja og blant alle menneske og folkeferd.

Den felles trua på Gud gjer oss frimodige og gir oss håp, slik at vi vil kjempe for ei betre framtid. I tillit til nyskapinga av Den treeinige Gud i oss og med oss kan vi bryte ut i truvedkjenninga sin lovsong:

*Lova vere Gud, vår skapar, vi jublar over dine verk.
Lova vere Jesus, vår frelsar, du viser oss vegen til liv.
Lova vere Anden, vår trøystar, du fyller oss med glede og fred.
(Frå kyrkjeliturgien)*





Forkynning

*Han er biletet av den usynlege Gud,
den førstefødde før alt det skapte.*

*For i han vart alt skapt,
i himmelen og på jorda,
det synlege og det usynlege,
troner og herredøme,
makter og åndskrefter –
ved han og til han er alt skapt.*

*Han er før alt,
og i han blir alt halde saman.
(Kol 1,15–17)*

Oppdraget til kyrkja er å forkynne evangeliet om Jesus Kristus, som viser oss Guds stordom, kjærlege vilje og nåde. Forkynninga skal tolke og formidle kva Guds lov og evangelium betyr for menneska og for heile skaparverket i vår tid.

Bodskapen i evangeliet er ein bodskap om håp! Dette håpet er forankra i Guds kjærleik til oss og alt det skapte. Derfor må det kristne håpet òg formidle Guds kjærleik til heile skaparverket. Då Jesus møtte folk, gav han alltid livsmot og framtidstru til dei som trong det. Dei som møtte Jesus, fekk eit nytt blikk på sitt eige liv, og Jesus gav dei mot til å bryte opp og kraft til å gå nye vegar. Framleis erfarer vi det. Gjennom Guds ord kan vi sjå oss sjølve og verda med eit nytt blikk: eit blikk fylt av kjærleik, tru og håp.

Vi står saman med kristne over heile verda i arbeidet med å avgrense klimaendringane. Vi kan motverke både frykt og motløyse når vi tek del i ei forpliktande samhandling og held fast ved kallet som Kristi læresveinar. Gjennom fortolking, fordjuping og bruk av Bibelens ord og ved å la oss inspirere av

spiritualiteten til tidlegare kristne kan vi saman bruke jorda til felles glede og nytte. Alt på 300-talet skreiv biskop Ambrosius dette: «Jorda skal brukast av alle, alle saman. Ho kjenner ingen rike, berre fattige som ho føder. Det er ikkje av ditt gode som du gir til dei fattige. Det er ein del av Guds eige du gir tilbake. Jorda skal brukast av alle.»

Når vi møter kriser, er det lett å bli sjølvoppteken og berre ha blikk for vårt eige. Guds vilkårsause kjærleik kallar oss til å elske nesten vår og heile skaparverket. Vi kan ikkje elske Gud og nesten vår utan å ta vare på skaparverket.

Vi treng ein felles politisk vilje til å ta avgjerder som tek vare på miljøet og grunnlaget for alt liv. Det er forankra i mål om berekraft og rettferd. Vi treng både løysingar og haldningar som kjem alle menneske til gode.

Bibeltekstane kan gi mot og håp til å ta fatt på arbeidet som ligg framfor oss. Guds ord kan gi oss kraft til å vere ein motkultur i dagens samfunn. Nøysemd, solidaritet og audmjukheit er ord vi må hente tilbake og gi ny legitimitet.

*Gi oss, Gud, ein visjon om verda
slik kjærleiken kan forme ho;
ei verd der dei svake blir beskytta, ikkje utnytta,
ei verd der ingen er svoltne eller fattige,
ei verd der gode og ressursar blir delte, så alle kan nytte godt av dei,
ei verd der nasjonar, folkeslag og kulturalar lever i toleranse og gjensidig respekt,
ei verd der fred byggjer på rettferd, og der rettferda blir styrt av kjærleik.
Gi oss mot og inspirasjon til å bygge denne verda,
gjennom Jesus Kristus, vår Gud.*

Forbøn

Slik skal de be:

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt belgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

(Matt 6,9–13)

«*Kva er tru, anna enn bøn*», sa Martin Luther. Bøna er ein samtale med Gud. Ei bøn kan vere ferdig formulert i ein gudstenesteliturgi eller ei bønabok. Ei bøn kan vere ordlaus, som eit sukk, eller ho kan vere eit spontant uttrykk for det som ligg oss på hjartet her og no. Det gjeld òg i møte med utfordringane i samband med klimakrisa.

«*Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.*» (Fil 4,6)

Bøna er svært viktig både i den kristne gudstenesta og i det daglege livet som kristen. Bibelen fortel at Jesus bad, ofte i naturen. Evangelisten Lukas beskriv det slik: «*Men sjølv trekte han seg ofte tilbake til aude stader og var der og bad*» (Luk 5,16). Gjennom bøn, stille og kontemplasjon førte Jesus denne fortrulege samtalen med Gud.

Bøna sameinar oss i eit verdsvidt kristent fellesskap. Når vi saman ber den bøna Jesus har lært oss, blir vi ein del av eit globalt fellesskap og kan kjenne at vi er med på ei felles rørsle mot det som er godt og rett.

Jesus lærte oss å be. Kristne frå alle land og gjennom alle tider har søkt Gud med desse orda. Dei har bedt om at Guds rike må komme, og om at Guds vilje skal skje på jorda. I tider med uro og usikkerheit er det særleg godt og nødvendig å komme saman i fellesskap som kristne på tvers av ulike kyrkjesamfunn.

Håpet rettar seg mot det vi enno ikkje ser. Det er håp om forandring, det som kan skje, det som må skje. Håpet kan bli forma i bøn til Gud. Blikket vårt blir vendt mot det Gud vil med denne verda, med kyrkja, med oss. «*Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen*». Slik har Jesus lært oss å be.

Forbøna i gudstenesta vender seg både mot himmelen og mot jorda. Dei liturgiske ledda i gudstenesta famnar mange fleire enn dei som er samla til messe. I gudstenesta kjem vi fram for Skaparen av himmel og jord og ber for kyrkja og for alle menneske. Desse bønene rommar òg ei bøn for alt det skapte, og uttrykkjer den nære tilknytninga mellom skaparen og det skapte.

Når vi ser klimakrisa som utgjer ein alvorleg trussel for både natur og liv, inkludert våre eigne liv, ber vi om å få mot og kraft til å leve, som teikn på at alt det skapte tilhøyrrer Gud. Vi ber om ei rettferdig fordeling av ressursane på jorda. Vi ber for dei som skal bestemme, at styresmakter har politisk vilje til å få fortgang i klimatiltaka, slik at internasjonale avtalar kan haldast.

Vi ber om at vi får innsikt og vilje til å endre livsstilen vår, dei daglege rutinane våre og dei til tider tankelause og ofte skadelege vala vi gjer. Det handlar om mat, reiser, vass- og energiforbruk og forbruk av materielle gode. Vi ber om hjelp til å gjere endringar i livet vårt, slik at vi kan leve enklare og med større respekt for kvarandre og for skaparverket.

Vi ber i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande, i namnet åt Skaparen, Frigjeraren og Livgjevaren.

Takkoffer

*Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne.
Alt vi eig, høyrer deg til.
Av ditt eige gjev vi deg attende.
Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.
(Frå kyrkjeliturgien)*

*Jesus sa: «Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre.
Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre. På det skal alle
skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre.»
(Joh 13,34–35).*

Heilt frå kyrkja si første tid, då kyrkjelydane samla seg i heimane, vidareførte dei Jesu ord i praksis. Dei delte alt for at ingen skulle lide. Dei tok seg av enkjer og farlause og gav til dei fattige. På denne måten viste dei at nestekjærleik og omsorg skulle vere ein viktig del av fellesskapet i kyrkjelyden.

Å dele av det vi har, er ein gammal kristen praksis. Kyrkja har ei særleg plikt til å vise og verkeleggjere nestekjærleik i handlingar og symbol. Dei siste åra har vi sett at det har utvikla seg eit handlingsfellesskap av nestekjærleik, ikkje minst blant verdas ungdom i møtet med den globale klimakrisa. Det ser vi som eit teikn på håp i vår tid.

Nestekjærleik gir oss livskraft, livsmot og framtidshåp. Kjærleiken «*krenkjer ikkje, søker ikkje sitt eige, er ikkje oppfarande, gøymmer ikkje på det vonde. Han gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga.*» (1 Kor 13,5–6)

Å vere kyrkje i eit av dei rikaste landa i verda forpliktar. Vi må erkjenne at velferda vår ofte er bygd på økonomiske strukturar som bidreg til urettferd i verda. I fleire tiår har Noreg forvalta økonomisk rikdom som eit resultat av petroleumsutvinning.



Når olje og gass forbrenn, blir det ein del av dei totale klimagassutsleppa i verda. Derfor har også vi eit særleg ansvar for å bidra med ressursar og økonomi slik at vi kan utvikle nye energikjelder, redusere utsleppa våre og avgrense miljøødelegginga i framtida.

Både som samfunn og som enkeltmenneske har vi plikt til å dele av velstanden vår. Vi ser at det nødvendig at det norske samfunnet, med dei økonomiske ressursane til fellesskapet, aukar bidraga til klimaarbeidet til beste for alle.



Nattverd

*Så tok han eit brød, takka og braut det, gav dei og sa:
«Dette er min kropp, som blir gjeven for dykk. Gjer dette til
minne om meg.» Like eins tok han begeret etter måltidet og sa:
«Dette begeret er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for
dykk.» (Luk 22,19–20)*

Bibelen skildrar ofte Guds nærvær som eit måltid. Å sitje rundt det same bordet og dele gledene ved måltidet står som eit teikn på at Gud er gjestfri og raus, og det skaper fellesskap. Grøda på åkeren skal delast med alle. Druene og vinen er i Bibelen eit uttrykk for fellesskap og glede. Det er òg eit uttrykk for Guds gåve til oss – vi møter og tek imot den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus i brødet og vinen.

Nattverden samlar menneske frå heile verda og frå alle generasjonar rundt det same nattverdsbordet.

Vi høyrer til ei verdsvid kyrkje. Kvar gong vi er samla til gudsteneste, vedkjenner vi oss dette globale fellesskapet som strekkjer seg på tvers av grenser og kontinent: *«Brødet som vi bryt, gjev det ikkje del i Kristi kropp? Fordi det er eitt brød, er vi alle ein kropp. For vi har alle del i det eine brødet.»* (1 Kor 10,16–17)

I nattverdsfeiringa både vedkjenner vi og kjenner vi at vi utgjer eit stort fellesskap som tek del i den same takkebøna og får del i det same brødet. I dette måltidet ligg òg Jesus sin eigen invitasjon til fellesskap, solidaritet og forsoning. Heilt frå kyrkja si første tid har det å dele brød og vin i nattverden stått i samanheng med det å dele maten vi et, og vatnet vi drikk. Vi bringar fram frukt av jorda og av arbeidet vårt.

I fellesskapet i nattverden står vi saman for å verkeleggjere oppdraget frå Jesus. Som eit høgdepunkt i gudstenesta gir nattverden oss kraft til å møte kvardagen. Vi blir sende ut i verda med eit diakonalt oppdrag som Jesu læresveinar. Ord må bli til nestekjærleikshandlingar i møte med menneske og samfunn. Det vi får i dette fellesskapet, kan endre oss sjølve og den verda Gud elskar.

I kvar bit brød vi deler, ligg det òg gøymt eit håp om ei rettferdig verd. I nattverdsmåltidet, i brødet og vinen, ligg ein smak av ei betre framtid. Nattverden er ikkje ei individuell handling, men løfter oss inn i ein relasjon til Gud gjennom Jesus Kristus og til kvarandre. På denne måten blir vi minna på relasjonen til heile skaparverket. I nattverden forkynner vi Kristi død til han kjem. Det at Jesus døydde på krossen, gjer Gud til eitt med alle lidande og undertrykte. Gjennom Jesus får vi del i den frelsa som Gud gir, den gjerninga som set oss fri til å tene Gud, og som gir dei undertrykte verdigheit og oppreising.

*Vi takkar deg, visdoms Gud,
for den djupe løyndomen i ditt måltid:
Brødet vi har brote, er eitt.
Son din har gjeve sitt liv for ei verd og ei menneskeslekt.
Vi bed deg: Hjelp oss å høyra det ropet du har høyrte,
å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve.
(Frå kyrkjeliturgien)*

Velsigning og utsending

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

På slutten av gudstenesta blir velsigninga lyst. Ordet velsigning betyr «å tale vel om». Guds gode ord følgjer oss ut når gudstenesta er slutt. Samtidig er Guds velsigning meir enn ord.

Å vere velsigna av Gud er å bli boren av Guds kjærleik i livet.

Å vere velsigna betyr ikkje å ha eit liv utan bekymringar, sorger og nød, men at Gud er med oss alle dagar – alle slags dagar.

Den nære samanhengen mellom ordet skape og (vel)signe på samisk, sivdnudit, hjelper oss til å sjå endå tydelegare at jorda, skaparverket, er omfatta av velsigninga.

Velsigninga sender oss ut med kraft og mot til å møte dei oppgåvene og utfordringane som ventar på oss. Velsigninga har eit universelt språk som treffer folk over heile jorda til ulike tider. Slik har det vore heilt sidan Aron løfta hendene og velsigna Guds folk.

Velsigninga og lovprisinga heng tett saman. Vi kan gi Gud vår lovsong som takk for den rike velsigninga vi får. Gud omgir oss med nåde og fred. Det er Guds kjærleik som tilgir, som trekkjer oss til seg igjen og igjen. Det er Guds fred som gir ro og kvile, same kor tungt og vanskeleg livet kan vere.

Vi blir sende ut i kvardagen igjen, ut av Guds hus, der vi har vore samla til gudsteneste. Vi kan leve i velsigninga, med ny kjærleik, ny tru og nytt håp.

Slik sluttar gudstenesta, og slik begynner tenesta vår vidare for Gud. Det store, vakre skaparverket vitnar alltid for oss om Guds kjærleik:

Signa vere

jorda

den vakre blå planeten,

heimen vår i kosmos.

Signa være

all god vilje

ærlegdom og kjærlege gjerningar

Signa være

lyset

i menneskehjarta.

Måtte det veksa seg sterkt,

famna om mørkret

og føda fred og forsoning

Referansar

Side 7: Bøn. «Tilgi oss, Gud». José Carlos de Souza, Brasil. O: Estrid Hessellund, 2006.

Side 10: Bøn. «Gud, himmelske Far!». T: Sørsamisk bønn av Anna Jacobsen.

Side 11: Salm. «Takk gode Gud for alle ting». T: Olov Hartman etter «Solsangen» Frans av Assisi. O: Eyvind Skeie.

Side 17: Bøn. «Gi oss, Gud, en visjon om vår verden». Living Spirituality Network O: Estrid Hessellund.

Side 22: Velsigning. «Signa være jorda». Margareta Melin. O: Kari Veiteberg.

Lovisa Mienna Sjöberg: Att leva i ständig välsignelse. En studie av svdndnit som religiös praxis. Teologisk fakultet, Universitetet i Oslo 2018.

Foto

Side 5 Pixabay

Side 15 Istockphoto.com

Andre foto Thomas Berbom

EIN BODSKAP FRÅ BISPEMØTET

Jorda er truga. Klimakrisa som rammar kloden, trugar eksistensen vår, øydelegg mangfaldet på jorda og skaper store globale forskjellar mellom menneske. Både lokalt og globalt skal kyrkja gi håp og mot.

Berre saman kan vi gjere det som er nødvendig. Vi må finne løysingane saman og bere byrdene saman. Oppdraget vårt er både å vere ei kritisk stemme og samtidig delta i ei konstruktiv samhandling med dei som skal ta avgjerder om politiske og politiske og økonomiske forhold og rydde vegen for eit grønt skifte lokalt, nasjonalt og globalt. Kyrkja må utfordre strukturane som forsterkar urettferd og ulikskap under klimakrisa.

Bispemøtet oppfordrar til ein brei samtale om kva som krevst for å hindre full krise i skaparverket. Med dette heftet vil Bispemøtet inspirere til handling for ei god og rettferdig forvaltning av skaparverket.

Heftet bruker dei ulike ledda i gudstenesta til å vise kva møte mellom kristen tru, skaparverket og klimaufordringane. Gudstenesta rommar alle sider ved livet og gir styrke og mot til å møte dei.



DEN NORSKE KIRKE

Bispemøtet